

REIGSTAD BYGG & EIGEDOM AS

Heilskapsløysing med kvalitet i fokus

Lindås Kommune
Byggesaksavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Knarvik, 24.04.14

Vi viser til vedlagde dokumenter og søkjer hermed om dispensasjon og rammeløyve for

OPPFØRING AV 4 mannbustad

Kalvatræ 9 og 11	Gnr.	Bnr.	Fnr.	snr
5911 Alversund	134	342 og 343	-	-

Tiltakshavar : Reigstad Bygg og Eigedom as Osterfjordvegen 124 5914 Isdalstø
Ansvarleg Søkjar: Reigstad Bygg og Eigedom as Osterfjordvegen 124 5914 Isdalstø

MERKNADER

Me viser til referat frå førehandskonferanse og søkjer hermed om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av ein 4 mannbustad på eigedomane gbnr 134/342 og 343, på Hilland i Alversund. Det vert i denne omgang berre søkt om rammeløyve.

Dispensasjon. Jf. førehandskonferansen (referat vedlegg Q3) er tiltaket avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanen for slik løysing. Vi har i dispensasjonssøknaden (vedlegg B1) gjort greie for tiltaket og har grunngjeve val av løysing, slik til at vilkåra for å kunne gje dispensasjon jf. pbl §19, etter vår meining er tilstades.

Nabovarsel. Nabovarsel gjeve alle naboar og gjenbuarar, jf. tilsendt naboliste frå kommunen. Etter retur frå ein av adressene (gbnr 134/341) er det sendt ut nytt nabovarsel til denne på epost, kvittering for dette ligg vedlagt.

Merknad til nabovarsel. Det er kome merknad/klage på tiltaket frå nabo på gbnr 134/344. Vi har gjeve tilsvar til denne (vedlegg C-5), då vi meiner dei faktiske forholda som vert peika på ikkje er rett, men har ikkje kome vidare med denne. Vi har i vedlegg C-6 gjort greie for dette. Det er elles ikkje kome inn merknader til tiltaket.

VVA. Det vert samstundes med rammeløyve sendt søknad til Vegavdeling om avkjøring (vedlegg Q2). Vi har vore i kontakt med VA avdeling i høve tilkopling VA anlegg for tomtene (vedlegg Q1)

KONTAKT

Dersom det er spørsmål til søknaden, eller eventuelle feil/manglar, ber vi om at De tek kontakt med underteikna på telefon, 977 47 964, eller E-post: kjell@reigstadbygg.no


Med helsing Kjell- A. Reigstad, ansvarleg søkjar.